



FJALER KOMMUNE
Kontor for landbruk miljø og kommunalteknikk

2003/2997		41
DEC 2003		BS
TIN	486	

Det Kongelige Landbruksdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksnr. 2003 02997

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
03/1653-3/K2-K20, K3-&13//KDH
03/7681

Dykkar ref.

Dato:
05.12.03

Uttale til høyring av ny forskrift om tilskot til miljøtiltak i landbruket og ny forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

FOR-136/03 VEDTAK:

Fjaler kommune støttar i hovudsak framlegga til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Det må vere ein føresetnad at:

- Avgrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogtiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift ved å nytte tilskot
- At det vert høve til å stimulere til planting og markriving ved å nytte tilskot.
- At lag og organisasjonar og gardsbruk som ikkje er i drift kan søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Det er også sjølvstyk at staten må syte for at kommunane får nok ressursar til å kunne gjennomføre det meirarbeidet ordninga medfører for kommunane. Auken i rammeoverføringane er i utgangspunktet ikkje nok.setnad at:

Melding om vedtak og samla saksframstilling er også sendt som e-post

Med helsing

Knut David Hustveit
jordbrukssjef
Direkte tlf: 57 73 80 44

Vedlegg: Samla saksframstilling



Uttale til høyring av ny forskrift om tilskot til miljøtiltak i landbruket og ny forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
Formannskapet

Møtedato
02.12.03

Saksnr
136/03

Saksansvarleg
KDH

Arkivsaknr
2003001653

Sakshandsamar
Knut David
Hustveit

Arkiv
K2-K20, K3-&13

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommune støttar i hovudsak framlegga til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Det må vere ein føresetnad at:

- Agrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogtiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift
- At lag og organisasjonar og gardsbruk som ikkje er i drift kan søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.
- Det er også sjølvstendig at staten må syte for at kommunane får nok ressursar til å kunne gjennomføre det meirarbeidet ordninga medfører for kommunane. Auken i rammeoverføringane er i utgangspunktet ikkje nok.

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	06.11.03	Det norske landbruksdepartementet	Høyring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

SAKSUTGREIING:

Det ligg føre framlegg til to nye forskrifter som medfører overføring av mynde til kommunane. Dette er eit ledd i oppfølginga av St.meld.nr.1 (2001 – 2002) *Nye oppgåver til lokaldemokratiet – regionalt og kommunalt nivå*.

VURDERING:

Opplegget medfører ei stor endring i forvaltning av ein del økonomiske verkemiddel i landbruket. Konsekvensane for kommunane er mellom anna at dei må utvikle ein del strategiske planar for korleis midlane skal nyttast og dei får ein ekstar arbeidsmengde ved at heile forvaltninga av ordningane vert overført til kommunane. Opplegget har mange positive sider og bør kunne gjennomførast.

Meirarbeid for kommunane vert i noko grad teke omsyn til då storleiken på rammeoverføringane bassert på landbruksforvaltning til kommunane er justert opp. Men i hovudsak er denne oppjusteringa, så langt vi kan sjå, i realiteten ei oppgradering som burde vore gjort årleg over fleire av dei siste åra. Enno ein gong ser det ut til at kommunane må ta på seg oppgåver utan å få kompensert for meirutgiftene på ein skikkeleg måte

I prinsippet er det nokre få merknader til sjølve forskriftene Desse er:

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

- lag og organisasjonar bør kunne søkje
- Gardsbruk som ikkje er i drift kunne søkje.

Tilskott til nærings- og miljøtiltak i landbruket:

- Det bør gjevast høve til å støtte gode taubanedrifter (sjå nedanfor)

Den viktigaste merknaden er knytt til tildelingsskrivet:

I våre området er den store utfordringa i dag å kunne hauste dei store skogressursane som er hogstmogne i dag og dei enno mykje større ressursane som kjem til i dei næraste åra.

Samfunnet har lagt ned enorme ressursar for å få denne skogen på plass i form av skogreisningstiltak og kulturtiltak over ein lang periode.

Dei to viktigaste føresetnadene for å kunne hauste denne ressursen i dag er å bygge fornuftige skogsvegar som ofte må og bør kombinerast med opplegg for effektiv taubanedrift.

Avgrensinga i tildelingsskrivet om ikkje å kunne nytte meir enn 50% av tildelt beløp til skogstiltak til vegar set ein effektiv stoppar for å kunne hauste skogen i Fjaler. Det er trongen for stimuleringsstiltak på vegsektoren som gjev avvirkningsmoglegheiter og som er det desidert viktigaste tiltaket no. **Denne avgrensinga på 50% må bort.**

Elles synest det som forskrifta legg opp til å ikkje kunne stimulere til drift med taubane.

Dette må også vere direkte feil signal når det vi har bruk for er å kunne nytte taubane for å få til effektive og miljøvenlege drifter i kombinasjon med skogsvegbygging.

Desse momenta må endrast på før forskrifta vert sett ut i livet.

136/03: Uttale til høyring av ny forskrift om tilskot til miljøtiltak i landbruket og ny forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommune støttar i hovudsak framlegga til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Det må vere ein føresetnad at:

- Avgrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogstiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift
- At lag og organisasjonar og gardsbruk som ikkje er i drift kan søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.

- Det er også sjølvsagt at staten må syte for at kommunane får nok ressursar til å kunne gjennomføre det meirarbeidet ordninga medfører for kommunane. Auken i rammeoverføringane er i utgangspunktet ikkje nok.

02.12.03 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen la fram følgjande tillegg/ending av strekpunkta i framlegget:

- Avgrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogtiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift ved å nytte tilskot.
- At det vert høve til å stimulere til planting og markriving ved å nytte tilskot.
- At lag og organisasjonar og gardsbruk som ikkje er i drift kan søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg/ending vart samrøystes vedteke.

FOR-136/03 VEDTAK:

Fjaler kommune støttar i hovudsak framlegga til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Det må vere ein føresetnad at:

- Avgrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogtiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift ved å nytte tilskot
- At det vert høve til å stimulere til planting og markriving ved å nytte tilskot.
- .At lag og organisasjonar og gardsbruk som ikkje er i drift kan søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Det er også sjølvsagt at staten må syte for at kommunane får nok ressursar til å kunne gjennomføre det meirarbeidet ordninga medfører for kommunane. Auken i rammeoverføringane er i utgangspunktet ikkje nok.setnad at: